



Ingrid Orvedal  
Skarsvegen 276  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3724 - 17/24487

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
31.08.2017

## Korrigering av mangelbrev - gbnr 145/34 Fosse indre

Viser til vårt brev av 24.08.2017 og til telefonsamtale i dag med Gunvald Hella, og vil korrigera mangelbrevet:

### Signatur

frå tiltakshavar på utsleppssøknad.

### Privatrettsleg

Eg har sett feil på kartet, og ser no at heile avløpsanlegget ligg innafør tomtegrensa og i kkje treng samtykke frå andre grunneigarar. Dette beklagar eg.

### Tilkomst

Korvidt ny tilkomst må byggast for å få tømmt slamavskiljaren, får vi komma tilbake til når de har henta inn uttale frå tømmefirma. Kommunen krev at slamtømminga skal inngå i den ordinære kommunale tømmeordninga med stor bil utan fordyrande ekstraordinære tiltak/utstyr.

### Privatrettsleg, Nabovarsel

Dersom det ikkje skal innhentast nabosamtykke, krev vi at Reknes Byggjevare vert varsla om søknadane, sidan det skal utførast arbeid nær eigedomsgrensa.

### Dispensasjonssøknad

Avløpsanlegget (og eventuell tilkomstveg) må ha dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, som vi skreiv i det første brevet.

### Hamnelova

Leidning i sjø krev eige vedtak etter hamne- og farvasslova. Det er Bergen og Omland Havnevesen som handsamar søknaden. På bakgrunn av dette kan Lindås kommune kun gje dispensasjon i første omgang. Når vedtak etter hamne- og farvasslova ligg føre, vert søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-4 handsama. Når vi har handsama søknad om dispensasjon og har godkjent denne, vert søknaden dykkar sendt over til Bergen og Omland Havnevesen for vedtak etter særlov, der dispensasjonsvedtaket er lagt ved. Dersom dei treng fleire opplysningar, tek dei direkte kontakt med deg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ingrid Orvedal  
Lindås Rør & Sanitær AS

Skarsvegen 276    5911  
Burkhovdane 1    5914

ALVERSUND  
ISDALSTØ